


Årsmelding 2019

Kvinnherad Næringservice



# ÅRSMELDING 2019

*Kvinnherad Næringssservice*

## Innleiing

Kvinnherad Næringssservice (KNS) skal vera ein frittståande næringslivsorganisasjon for bedrifter, næringsgrupper, skular, offentlege institusjonar og nyetablerarar, i nært samarbeide med Kvinnherad kommune. Organisasjonen skal bidra til å sikra og auka verdiskaping hos medlemmane.

Det har i 2019 vore god og variert aktivitet hos KNS. Vi har arrangert den første Kvinnheradkonferansen, fleire interessante kurs og næringslunsjar. Studiesenteret har hatt gode søkjartal, noko som viser at det er eit ønskja tilbod i kommunen. Etablerarretteiinga har hatt mange kandidatar og vi hjelper desse godt på vegen mot etablering av eiga bedrift.

## Aktiviteten i næringslivet

2019 har vore prega av optimisme i næringslivet. Vi ser at fleire lokale bedrifter signerer gode kontraktar, og det er positivt at bedriftene nyttar kvarandre.

Det er positivt med private næringsaktørar som har utvikla næringsareal, som til dømes Huseses Industriområde og Børnes i Uskedal. KNS har signalisert behovet for ei oversikt over tilgjengelege næringsareal, både kommunale og private, som kan presenterast til potensielle etablerarar.

## Styret

Årsmøtet 26.03.19 valde følgjande styre:

Styreleiar:	Synnøve Handeland
Nestleiar:	Kjell Odd Nygård
Styremedlemmer:	Ellinor Rein, Reins Maskinering AS Eivind Torvik, Hydro Husnes Geir Jakobsen, Husnes Forvaltning AS
Varamedlem:	Carine Klemmetsen, Energi Teknikk AS

Ordføraren i Kvinnherad har tale- og forslagsrett i styremøta.

Valkomit : Yngve Bryn (DnB) og Bernt Bj rsvik (Dimmelsvik Bil)

Dei viktigaste saksområda for styret i 2019 har vore:

For styret var det arbeidet med å få på plass ny strategiplan for kva KNS skal vera for melemsbedriftene og koss ein best kan få til eit godt samarbeid mellom bedriftene i Kvinnherad og kommunen.

Vi har utover året fått til betre og tettare samarbeid med kommunen, og vi har fått på plass at vi er høyringsorgan for nærings saker og planprosessar knytta til dette. Fokus har vore rekruttering av arbeidskraft, betring av kommunikasjonar/samferdsel samt forventningar til raskare sakshandsaming i td byggesaker hjå kommunen og kor avgjerande det er at planar og sakshandsamingsressursar heng saman. KNS har i alle høve peika på kor viktig det er å vidareutvikle Husnes som regionsenter og få henta regionale arbeidsplassar dit.

Møte med aktørar som vurderer å etablere Datalagringsanlegg på Husnes gav startskotet for å søkja om prosjektmidlar for prosjektet Grøn næringspark gjennom fylket. Vi fekk tildelt prosjektmidlar på kr 1,2 mill fordelt på tre år for å gjennomføra mulighetsstudien Grøn næringspark, og vi meiner at dette vil vil synleggjera kvalitetane ved Husnes regionsenter som attraktiv plass for næringsverksemd. Prosjektet har hovudfokus på sirkulærøkonomi og utvikling av «grøne arbeidsplassar».

På våren var det gjennomføring av den fyrste Kvinnheradkonferansen, og vi hausta verdfulle erfaringar gjennom arrangementet og ikkje minst vart det ein god synleggjering av verdiskapinga bedriftene i Kvinnherad står for. Styret har ved evalueringa hausten 2019 vedteke at vi ynskjer å arrangera ein ny konferanse og drøfting av innhald, form og tidspunkt vert arbeida vidare med i 2020.

Vi har vore deltakarar i ulike planprosessar i kommunen og kome med innspel vi har fått frå medlemsbedrifter og kva behov næringslivet har til vidare utvikling av næringsareal.

Gåva frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad har gjort at drifta og aktiviteten ved Studiesenteret har vore god, og styret er godt nøgd med jobben som prosjektkoordinator Kristine Røyrvik har gjort i denne samanhengen.

Vi har gjennomført næringslunsjar og bransjetreff i noko mindre omfang enn tidlegare år sidan dagleg leiar sa opp stilling og fråtrådte i september 2019. Ny dagleg leiar er ikkje tilsett, og Kristine Røyrvik har ivaretatt fleire av desse oppgåvene i samråd med styreleiar. Styret vurderer det slik at det bør tilsetjast ny dagleg leiar snarast råd.

Kristine Røyrvik har på vegne av KNS delteke på nettverksmøter i regionen og fylket, styreleiar har delteke ved nokre høve i tillegg.

Vi gjennomførte næringsdebatt i Kulturhuset på tampen av valgkampen med god deltaking. Etter valet har vi invitert politikarar til KNS og hatt medlemsmøte med fokus på næringslivsutfordringar.

Styret har også engasjert seg i arbeidet med å etablere Newtonrom i Kvinnherad. Vi meiner dette vil vera eit godt tiltak for utdanning av barn og unge, og gjere det lettare å rekruttere til kompetansesarbeidsplassar i vår kommune og region. Vi har delteke saman med Hydro Husnes og kommunen/fylkeskommunen i planlegging hausten 2019.

## Bemanning

Kristine Røyrvik har vore einaste tilsette i 2019. Røyrvik er tilsett som prosjektkoordinator i 100 % stilling, og har ansvar for både Kvinnherad Studiesenter og Kvinnherad Næringservice.

Silvia Tofte hadde permisjon til september, men valde å avslutte sitt arbeidsforhold til KNS.

## Aktivitet Kvinnherad Næringservice 2019

### Medlemsmøter

Det har vore invitert til medlemsmøter med jevne mellomrom i 2019. Vi ønskjer å få til medlemsmøter kvartalsvis. I 2019 var det kalla inn til fire medlemsmøter, der tre vart gjennomført og eit avlyst grunna lite påmelding.

Tema på desse møta har vore mellom anna informasjon om prosjekt og aktivitet hos KNS, dialog med kommunen og val av strategi for KNS.

Medlemsmøta er ein nyttig arena for drøfting av tema mellom medlemane, styret og administrasjon i KNS.

### Næringslunsjar

Også i 2019 har det vore arrangert næringslunsjar og frokostmøter med ulike aktuelle tema. Dette er ein arena der ein kan møtast på kryss av bedrifter. Målet er at dagsaktuelle tema skal stå på agendaen og at bedriftene kan komme med innspel til tema.

### Kvinnherad Studiesenter

Kvinnherad Studiesenter har hatt god aktivitet i 2019. Det er fleire som får augene opp for dette svært viktige tilbodet. Det gjeld både enkeltpersonar og bedrifter. I 2019 var det totalt 33 studentar som nytta seg av moglegheitene for høgare utdanning lokalt, fordelt på 13 vår og 20 haust.


Desse fordeler seg på følgjande fag:

- Årsstudium i organisasjon og ledelse
- Årsstudium i bedriftsøkonomi
- Påbygging i regnskap og økonomirådgivning
- Påbygging i økonomi og administrasjon
- Innkjøpsledelse

Studentane gjev gode tilbakemeldingar på korleis dei opplever Kvinnherad Studiesenter. Vi ser det er tidkrevande å vere student, og då ynskjer vi å legge til rette for at tida dei brukar hos oss skal vere best mogleg. I dag er det alltid nokon til stades når dei har forelesning for å sikra oppkobling av utstyr, og fasilitetane elles.

Kvinnherad Studiesenter og desentralisert utdanning, har eit stort potensiale. KNS har delteke i Kompetanseforum Hordaland, og vi ser at det er fleire aktørar som jobbar aktivt for å få ei større satsing på desentralisert utdanning. Kvinnherad Studiesenter er medlem av Studiesenteret.no AS, eigd av OlsoMet, og i dette nettverket er det fleire som aktivt jobbar inn mot fylkesting og Stortinget.

### Utdanningsnivå i Kvinnherad per. juni 2019



## Kvinnheradkonferansen 2019

Kvinnheradkonferansen såg lyset for første gong 23. mai 2019. Det vart ein innhaldrikt, inspirerende og kjekk dag. Det var samla 140 deltakarar i Kulturhuset Husnes til foredrag og festmiddag.

Tema for Kvinnheradkonferansen 2019 var « Nettverk og Samhald».

Kvinnheradkonferansen opna med ein film laga av . Filmen fekk fram stolthetskjenninga av kor lange og gode tradisjonar ein har i næringslivet i Kvinnherad.

Referert Synnøve Handeland; Godt eg ikkje skal seie mykje for den var rørende.

Første foredragshaldar var Edgar Valdmanis. Foredraget hans hadde tema;

« Bedre Nettverking På 1-2-3 ». Her fekk ein innføring og kunnskap om kor viktig det er å pleie nettverket sitt. Det er viktig å bygge på nettverket sitt *før* ein treng det, noko Valdmanis understrekar med å vise til viktigheten av jevnlig kaffiprat. Dei uformelle møta kan vere vel så viktige!

Del to av konferansen var det Pellegrino Riccardi som stod for. Foredraget hans hadde tema;

«Kommunikasjon og samarbeid»

Han fekk verkeleg satt ord på og visualisert at det er kraft i korleis ein vel å fokusere på ulike situasjonar, og kor viktig det er med god kommunikasjon.

Dette var eit foredrag som fekk fram latteren hos publikum, og ein fekk reflektert over korleis haldningane våre kan påverke resultat og utfall.

Etter foredraga hadde ein tre-retters middag.

Det var ei god blanding blant deltakarane. Det var representantar frå både små og store bedrifter i kommunen, privatpersonar og politikarar. Akkurat det ein hadde håpa på i forkant. Målet var å ha ein dag der næringslivet kunne feire seg sjølve, mingle og ha nettverksbygging i fokus.

Tilbakemeldingane var gode i etterkant av konferansen og med venteliste må ein seie at dette vart ein suksess. Målet og håpet er at Kvinnheradkonferansen skal verte eit årleg arrangement.

## Endringsglede

I september 2019 starta vi opp runde nummer to med Endringsglede. Endringsglede har vore eit prosjekt som var støtta av Hordaland fylkeskommune, og vart kjørt i samarbeid med NAV Kvinnherad. På bakgrunn av evaluering etter kurset «Endringsglede» som vart gjennomført i 2017 hjå Kvinnherad Næringssservice, såg vi at det var behov for denne type kurs. Det skaper ei god samhandling mellom NAV lokalt, og Kvinnherad Næringssservice som sit med dagleg kontakt ut i

næringslivet. Det er på stadar som i Kvinnherad rom for å utvida kjennskapen til korleis ein kan skape sin eigen arbeidsplass.

Det var gjennom 5 veker aktivitetar som førelesing, føredrag, oppgåver, coaching, gruppearbeid, teambuilding og pitching av potensiell forretningside. Førelesingane fokuserte på kompetansekartlegging, CV, Forretningsmodell BMC, starte eiga bedrift, personlegdomstypar, marknadsføring, sosiale medier, nettverksbygging, teambygging, økonomi og vegen vidare.

Målgruppa var arbeidssøkande, registrert i NAV sitt system med motivasjon og ynskje om å kanskje skapa sin eigen arbeidsstad. Alle deltakarane var interessert i meir kunnskap om å starte eigen bedrift. I etterkant vurderer ein at denne form for prosjekt og samarbeid er nyttig. Skal ein lage til liknande prosjekt er stønad frå fylkeskommunen avgjerande for at Kvinnherad Næringservice får gjennomført slike prosjekt.

## **Newton**

Hausten 2019 tok Hydro Husnes initiativ til dialog om mulig etablering av eit Newton-rom på Husnes. HR ansvarleg hos Hydro, Eivind Torvik som sit i stret hos KNS, har vore med å etablere eit slikt rom på Sunndal. Dette ser vi på som eit spanande og framtidsretta prosjekt. Dette ser vi på som eit viktig tiltak for å auke kjennskap og interesse for realfag hos unge i Kvinnehad kommune. Eit Newton-rom vil og skape eit viktig samarbeid melleom kommune, fylkeskommune og det lokale næringslivet.

I løpet av hausten har det vorte halde nokre møter for å sjå på mulighetane for etablering av Newton-rom i Kvinnherad.

## **Grøn Næringspark**

Det har i fleire år vore jobba med aktivitetar rundt datalagring, og ein forståelse for korleis markedet i dag jobbar for å sikra ein betre sirkulærøkonomi. Det har vore kontakt med aktørar som ønsker å etablere seg i Kvinnherad, og fleire områder har vore presentert. Det har midlertidig vist seg at fleire av aktørane peikar på Husnes og Husnes Industriområde som eit godt egna område for etablering av bedrifter innan framtidens grønne næring.

Prosjektet «Grøn Næringspark Husnes» er eit viktig prosjekt for å få til etablering av arbeidsplassar knytt til regionsenteret Husnes. I tett samarbeid med Kvinnherad kommune, som jobbar med hydrogensatsing, blir dette eit spanande prosjekt vidare.

Ein legg opp til at prosjektet blir eit mulighetsstudie for å sjå kva som kan vere potensiale for etablering og korleis bedrifter kan dra nytte av kvarandre mtp sirkulærøkonomi.

Prosjektet har fått støtte over tre år frå Hordaland fylkeskommune og strekkjer seg frå 2019 til 2021.

## **Tilflyttarsamling**

Også i 2019 har Kvinnherad kommune og KNS arrangerte tilflyttarsamlinga, det var i 2019 det 8. året arrangementet vart arrangert. Det er eit populært arrangement, både KNS og kommunen får mange positive tilbakemeldingar frå dei oppmøtte.

Arrangementet i 2019 vart lagt til same dag som «Fritidsmessa» vart arrangert. Det var eit yrande liv i sentrum av Husnes, der frivillige lag og organisasjonar hadde mulighet til å visa seg fra i forkant av Tilflyttarsamlinga. Fritidsmessa vart arrangert av Kvinnherad kommune.

I perioden frå 1. juli i 2018 til 30. juni i 2019 har 281 personar flytta til Kvinnherad, og ca 60 av dei kom til tilstellinga i kulturhuset på Husnes. Det var i år, som tidlegare, også størst merksemd rundt "Tilflyttarprisen" – 10.000 kroner frå Kvinnherad kommune.

Det vart også delt ut premiar frå dei tre lokale bankane Tysnes Sparebank og Sparebanken Vest.

## **Etablerarveiledning**

Vi har hatt mykje kontakt med aktørar som enten går med tanke om å etablere seg, eller nett er nystarta. Vi ynskjer å tilby etablerarveiledning til aktørar som er i etablerarfasen. Det er mange med gode idear og Kvinnherad treng grunderar. Det har i 2019 vore kontakt med ca 25 etablerarar.

I 2019 har vi hatt besøk av Innovasjon Norge ved to anledningar. Det er alltid kjekt og inspirerande å ha dei på besøk.

Første runde hadde vi ilag i mars og andre runde i september i forbindelse med «Innovasjonsuken Opp». Ved begge anledningane hadde vi ein full dag med veiledning til grunderar ilag med to rådgjevar frå Innovasjon Norge.

Vi har god kontakt med Innovasjon Norge, og ynskjer eit vidare samarbeid for å styrke det lokale gründer arbeidet.

## **Utleige**

Det er per 31.12.2019 leigd ut to kontor til lokale bedrifter. Kommunen nyttar eit kontor ved høve, og studentane disponerer eit kontor. Vi har eit ledig kontor som har vore nytta til korttidsleige.

Aktiviteten på utleige av møte- og konferanserom har teke seg opp. Romma er utleigd i periodar både på dag- og kveldstid.

Det er kjekt å tilby moderne og godt utstyrte lokaler til utleige. Vi håpar på enda høgare aktivitet framover. Det er ein god måte å fronta KNS på.

## Marknadsføring

Facebook er nytta mykje til marknadsføring. Dette gjeld både Kvinnherad Studiesenter og Kvinnherad Næringservice. Det er òg oppretta Instagramprofil til begge. Her når ein mange på kort tid, og det er både informativt og skaper synlegheit.

Vi har annonsert studiesenteret i lokalavisene, både i papirutgåvene og på nett. Spesielt før søknadsfristen i april er det viktig å vise igjen i lokalavisene.

Kvinnherad Studiesenter har hatt avisomtalar som gir god effekt, det samme kan ein seie om Kvinnherad Næringservice.

I 2019 har KNS og vore tilstades på Haugalandskonferansen og Stordkonferansen, dette ser vi på som viktige stadar å knytte nettverk og å marknadsføre oss.

Kvinnheradkonferansen vart og annonsert i dei lokale avisene.

## Medlemsutvikling

I 2019 er det registrert 88 medlemmer i KNS, av desse var det 12 nye i 2019. Målet er å behalde eksisterande medlemmer, samt rekruttera fleire nye. Det er viktig å ha ein brei medlemsmasse, slik at flest mulig næringar og deler av kommunen er godt representert. Ein ønskjer å styrke tilbodet til medlemsbedriftene slik at KNS er ein attraktiv medlemsorganisasjon.

## Økonomi

Likviditeten har vore tilfredstillande i 2019. Fokus må vere å ha ei stabil drift og sikre at KNS kan halde fram med å yte målretta tenester til medlemmene.

Det har vore utbetalt tilskot frå Kvinnherad kommune på 500.000 utanom ordinær medlemskontingent. Det er ikkje gitt tilsagn om slikt tilskot frå 2021.

Ein har oppnådd gode prosjektinntekter til:

- Kvinnherad Studiesenter
- Kvinnheradkonferansen
- Endringsglede 2

## Samarbeidande aktørar

KNS har og i 2019 hatt eit godt samarbeid med Kvinnherad kommune, lokale bedrifter, samt Samarbeidsrådet i Sunnhordland, Stord Næringsråd, Hordaland Fylkeskommune og Innovasjon Norge. Det er avhengig av kva saker det gjeld, men KNS har god kontakt med næringsråda i Hardanger, på Haugalandet og i Sunnhordland.

## Sluttord

I 2019 har Kvinnherad Næringservice hatt fokus på å få etablert ny aktivitet i næringslivet, samt å leggja til rette for at KNS skal vera ein møteplass - både formelt og uformelt. Vi har delteke saman med kommune og næringslivsaktørar for møta ulike bedrifter som har vist interesse for å etablere seg i kommunen. Gjennom prosjektet Grøn næringspark ynskjer vi å synleggjera dei gode ressursane vi har med mogelegheitene som ligg i regionsenterutvikling, med tilgang på fornybar kraft og stabil, kompetent arbeidskraft i eksisterande verksemdar. Utvikling gjennom samarbeid meiner vi er vegen å gå for etablering av nye arbeidsplassar.

KNS har også engasjert seg i samferdslesaker sidan god samferdsel er avgjerande næringslivet i kommunen. I dag opplever ein at manglande kommunikasjon gir mange ekstra kostnader for næringslivet.

Studiesenteret har godt med studentar i dei ulike faga, og fleire får etterkvart med seg dette gode tilbudet. Styret meiner det er viktig å styrka arbeidet med kompetanseutvikling i kommunen, slik at vi styrker rekruttering og utdanning i eigen region.

Vi meiner det er avgjerande å styrka KNS som organisasjon; dette må gjerast gjennom ein målretta, tydeleg og langsiktig strategi. Styret meiner vidare det er viktig å ha på plass dagleg leiar med klårt definerte arbeidsoppgåver og vi meiner det er naudsynt å sjå på ulike driftsformer for studiesenteret, gjerne i samarbeid med kommunen, slik at dagleg leiar i størst mogeleg grad kan arbeide med medlemsbedriftene og næringsutvikling. Det er stort behov for å ha eit aktivt næringsorgan som kan sjå dei ulike utfordringane både små, mellomstore og større bedrifter har hjå oss.

Styret ynskjer også at medlemsbedriftene får eit nærare forhold til kva KNS er og kva organisasjonen bidra med. KNS har tru på næringslivet i Kvinnherad og ønsker å vera ein positiv bidragsytar for vidare utvikling av næringslivet i Kvinnherad kommune.

## Rettvisande oversikt

Styret meiner at årsrekneskapen gir ei rettvisande oversikt av Kvinnherad Næringservice sine eigenkapital og gjeld, finansielle stilling og resultat.

## Fortsatt drift

Årsrekneskapen for 2019 har lagt til grunn at drifta skal halda fram. Det vert med dette stadfesta at grunnlag for fortsatt drift er til stades.

## Arbeidsmiljø

Styret meiner arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det må imidlertid avklarast korleis ein skal finansiere og organisere både KNS og Kvinnherad Studiesenter.

## Likestilling


Kvinnherad Næringservice har ei kvinne i administrasjonen. Styret er samansett av 5 menn og 3 kvinner, medrekna ordførar.

## Ytre miljø

Kvinnherad Næringservice forureinar ikkje det ytre miljø.

Husnes, 24.04.2020

Styret i Kvinnherad Næringservice



Synnøve Handeland

Styreleiar